# Bergensposten.

NR.3 desember 2009 12. ÅRGANG




STATSARKIVET I BERGEN

Bergensposten er en publikasjon som har vært utgitt av Statsarkivet i Bergen siden 1998. Dette er det 23. heftet i rekken.

| | |
|---|---|
| Ansvarlig redaktør: | Yngve Nedrebø |
| Ansvarlig for utforming: | Tom Myrvold |
| Trykk: | Statsarkivet i Bergen |
| Opplag: | ca. 1000 |
| Redaksjon avsluttet: | 10. desember 2009 |
| Forsiden: | Leprahospitalet i Fontilles, Alicante november 2009. Bildet er manipulert ved at det er satt inn andre elementer. Foto: Kristian Strømme. |

De øvrige fargebildene gjengitt her er tatt av personalet ved Statsarkivet i Bergen under turen til Alicante i november 2009.



ISSN 1501-4436

Bergensposten.

# Innhold

Fra redaktøren ........................................................................................ 2
Jan Bødtker: Fedje - landets vestligste postkontor … ................................ 4
Arne Eriksen: Då posten forliste på Kvinnheradsfjorden i 1854 ................ 9
Paul F. Forstrønen:
113—medisinsk nødmeldetjeneste; arkivmateriale 1970-1995 .............. 25
Jørn Øyrehagen Sunde: Din tanke er fri – RAI RAI................................. 41
Yngve Nedrebø: Tur til Alicante ………………………………………… 55

# Fra redaktøren:

Årets tredje og siste utgave av «Bergensposten» tar for seg tre helt adskilte felt, posthistorie, utviklingen av moderne kommunikasjonsberedskap i helsetjenesten, og balansegangen mellom ytringsfrihet og blasfemi. Men alle artiklene er knyttet til arkivmateriale som er å finne i Statsarkivet i Bergen.

Første felt er posthistorie. Jan Bødtker har idligere levert flere artikler om posthistorie i Bergensposten. Denne gangen tar han for seg postkontoret på Fedje, landets vestligste. Dette postkontoret har fått overleve gjennom den storstilte omorganiseringen som det norske postvesenet har vært gjennom de siste årene, og kan snart feire sitt 140-års jubileum.

Fedje ligger værhardt til, og det er ikke få forlis som har skjedd ved Fedje. Men like dramatisk kunne det være for postførerne også andre steder. Arne Eriksen har funnet fram stoffet om postforliset på Kvinnheradsfjorden i 1854, der postvesken gikk tapt, og det førte til en lang og omfattende etterforskning. At det også druknet en mann ved forliset, kom i den sammenhengen mer i bakgrunnen.

Statsarkivet i Bergen har mottatt et omfattende arkiv 1970-1995 (rundt 60 hyllemeter) fra Haukeland sykehus ved avdelingsoverlege Paul F. Forstrønen (f. 1936) ved Akutt Mottak (og AMK-sentralen). I 2001 mottok han Kongens fortjenestemedalje i gull for sin langvarige og betydelige innsats for norsk medisin og beredskapstiltak innen helsetjenesten.

Gjennom en mannsalder var han sentral i arbeidet med å bygge opp akuttmedisin, medisinsk kommunikasjon og sykehusberedskap. Han var den store pådriveren for utvikling av tidsmessig og moderne kommunikasjonsberedskap i helsetjenesten, slik at akutt syke og skadde kunne sikres rask og riktig hjelp. Og han var hovedarkitekten bak den såkalte «Hordalands-modellen». For helsetjenestens vedkommende har denne modellen to viktige kommunikasjonsveier. Den ene veien skal sikre publikum rak vei til medisinsk fagkyndighet, lokalisert i Legevaktsentral og i sykehusets AMK-sentral. Den andre veien er et kommunikasjonsnettverk mellom legevaktsentral, akuttsykehusene og samarbeidende etater. I 1989

vedtok Stortinget at Hordalands-modellens prinsipper skulle legges til grunn for utbyggingen av nødmeldetjenesten i hele landet. Norge kunne da samles til et helserike.

Som pensjonist har Paul Forstrønen arbeidet med å gjennomgå arkivet fra sitt virke med oppbyggingen av Akutt Mottak og AMK-sentralen ved Haukeland. Det er et omfattende arkiv, og en langvarig prosess å omskape det til en oversiktlig stoffmengde til glede for fremtidig forskning. Når dette arbeidet nå nærmer seg fullføring, har han skrevet en innføring og presentasjon av materialet for Bergenspostens lesere. Vi håper at arkivet kommer til nytte når Haukeland sykehus i 2012 skal feire sitt 100-årsjubileum.

Jørn Øyrehagen Sunde tar for seg Fritenkerklubben i Bergen og tidsskriftet Fritænkeren, hvis redaktør Arnfred Olesen i 1912 ble dømt for blasfemi etter at han omtalte den kristne julefeiringen i «Den store humbug. (De 'kristnes' julehelg)». Dommen er blitt aktualisert gjennom spetakkelet rundt publiseringa av Muhammedtegninger de siste årene. I artikkelen spør Jørn om det ikke mer må ha vært redaktørens ønske om publisitet og martyrium enn ønsket om full trykkefrihet, som drev ham.

I slutten av november 2009 drog en stor delegasjon frå Statsarkivet i Bergen til Alicante i Spania for å besøke det siste gjenværende leprahospitalet i Europa, som ligger i Fontilles, knappe to timers kjøretur frå byen Alicante.

Neste nummer av Bergensposten er planlagt utgitt i begynnelsen av februar 2010, og vil være et hefte som skal presentere stoff om Ole Bull (1810-1880), i forbindelse med at det i februar er 200 år siden hans fødsel.

Vi ønsker våre lesere en God Jul og et Godt Nytt År!

Redaksjonen er avsluttet 10. desember 2009.

Yngve Nedrebø

## *Jan Bødtker:*
# Fedje - landets vestligste postkontor …




*Et vakkert håndkolorert postkort fra Fedje fra tidlig på 1900-tallet.*

Selv i våre dager da posten rasjonaliserer og legger ned lokale postkontorer i hopetall over hele landet, er det heldigvis noen som overlever postadministrasjonens «økonomiske sparekniver», og som betyr at frimerkesamlerne kan føre tradisjonen med stemplede frimerker og brev og annen posthistorie videre.

Ett av disse postkontorene er FEDJE, som ligger på øyen med samme navn, en og en halv times biltur nord for Bergen og en halvtimes fergetur ut i havet fra Austrheim i Nordhordland.

Fedje har i generasjoner vært kjent som en av landets viktigste fiskerikommuner. I de senere år er det imidlertid forlisene til boreriggen «Deep Sea Driller» (1976) og lasteskipet «Server» (2007), og ikke minst torpederingen av den tyske ubåten «U-864» i februar 1945, som har tiltrukket seg den største oppmerksomheten rundt Fedje-navnet.

En milliard kroner har den «rød/grønne-regjeringen» bevilget til hevingen av ubåten fra havets bunn. Vraket ligger på 150 meters dyp, to nautiske mil vest for Fedje, og representerer en «miljøbombe» av uante dimensjoner med sine nær 70 tonn flytende kvikksølv ombord.

Som innledningsvis nevnt har Fedje betydd mye for fiskeriene langs Vestlandskysten. Og med stor aktivitet og mange fiskere på besøk opp gjennom årene, har posten til og fra øyen hatt spesielt stor betydning.




*Brevkort stemplet Fedje 1. desember 1908. Er artig poeng er at det er Sigrid & Hans Kahrs som gratulerer F. Svendsen og frue med det forestående bryllupet. F. Svendsen var far til vårt gamle medlem F.C. Svedsen. Kahrs-familien har også lang fartstid i BFK.*

Fedje kommune består av et hundretalls små og store øyer og dekket et areal på ca. 9 km$^2$, og har i dag i underkant av 600 beboere. Frem til 1947 var Fedje en del av Austrheim kommune på fastlandet, men for 62 år siden fikk øyen vest i havet status som egen kommune. Dette ble blant annet feiret med eget brevhus og motivstempel (8. - og 9. august 1997).

## POSTÅPNERI FRA 1870

Fedje poståpneri har sine røtter tilbake til 28. november 1870 i følge en eldre poståpner-protokoll. Det finnes imidlertid ingen sikre opplysninger utover dette, verken i postens sirkulærer eller i andre kilder. Til å begynne med var nok poståpneriet bare i virksomhet i fisketiden.

I postens sirkulære nr. 17 fra 2. august 1871, går det frem at det ble opprettet helårig virksomhet ved Fedje poståpneri fra 1. august 1871 med tilholds-sted på dampskipskaien nord på øyen i Kirkevågen.

Poståpneriet ble etter alt å dømme nedlagt rundt 1875/76 uten at vi finner opplysninger om dette i postens sirkulærer. Ved Kgl.res. av 27. juni 1892 ble det drift igjen ved Fedje poståpneri fra 1. september 1892, og da med en bipostrute til Kjelstraumen poståpneri på fastlandet to ganger i uken.

Bipostruten ble ofte utført under svært tøffe værforhold av lokale fiskere, som i robåt tok seg inn til fastlandet og ut igjen til Fedje hvis været tillot det.

Fedje poståpneri fikk sitt første stempel i 1892, da poståpneriet ble tildelt et torings datostempel av sveitsertypen. Dette stempelet var i bruk helt frem til 1959!

Ettersom langt de fleste av befolkningen bodde på nordsiden av øyen ble poståpneriet og senere postkontoret, lokalisert til denne delen av øyen.

Imidlertid ble det fra 1. oktober 1958




*Et artig fraktbrev for varer sendt fra Fedje til Bergen med dampskipet «Lindaas» i 1946.*



*Dampskipet Lindaas var det skipet som hadde lengst seilingstid i Fedjeruten. Det ble tatt i bruk i 1919 og var i drift helt frem til 1958*

opprette et brevhus ll helt sør på øyen under navnet Stormark brevhus. Hvorvidt det var et reelt grunnlag for dette brevhuset, er heller tvilsomt da vi bare har sett noen ganske få enkeltmerker med brevhusets kronet posthornstempel.

Mellom Fedje poståpneriet og Stormark brevhus ble det opprettet en bipostrute, som var i drift frem til brevhuset ble lagt ned 30. september 1963. Den første og eneste brevhusbestyreren var Leif Andreassen Stormark.

## LANG POSTTRADISJON

Som ellers i vårt langstrakte land var posten på Fedje knyttet til en eller annen landhandel. Det var en grei kombinasjon å selge matvarer og andre livsmiddel samtidig som man leverte ut og tok i mot post.

Den første poståpneren på Fedje var landhandler E. A. Eriksen. Han kom til Fedje fra Stavanger rundt 1860, og han fikk snart løyve av herredsstyret til å drive landhandel på Kræmmerholmen. Når det ble opprettet, sannsynligvis et midlertidig poståpneri i 1870, var det naturlig at Eriksen ble den første poståpneren på Fedje. Om det var hardt arbeidspress som landhandler eller poståpner, skal være usagt, men Eriksen tok livet av seg og kona etter en tid.

Landhandelen ble solgt, men etter noen trange år måtte den legges ned.

En annen landhandler, Furubotn, gikk også «inn til regjeringen». Men han visste råd. Han kjøpte tomt på den andre siden av havnen og bygde ny landhandel med materialer fra den nedrevne kirken. Han bygde både sjøbu, bakeri og brygge, og tilsatte i 1889 Dina Gudmundsen til å ta seg av landhandelen. Fra 1. juli 1892 ble hun poståpner, en jobb hun hadde helt til årsskiftet 1929/30, da hennes mann Jacob Wikene ble konstituert i jobben som postmann på Fedje. Han var også telefonbestyrer. Stenborg som stedet ble kalt, ble et sentralt samlingssted på øyen i mange tiår fremover.

I 1936 overtok dampskipsekspeditør Oswald Berg eiendommen på Stenborg etter besteforeldrene, og med overtagelsen ble han også ansvarlig for poståpneriet og telefonstasjonen.

Fra 1. mai 1949 til 1. august 1953 var Marie Berg midlertidig poståpner. Fra sistenevnte dato overtok igjen Oswald Bergen poståpnerjobben, og denne hadde han frem til 1. august 1962 da han solgte hele eiendommen og flyttet til Bergen.




*Et rekommandert brev, stemplet Fedje 1.9. 1981 og sendt til Oslo.*

Fra 1962 og frem til i dag har Leif Johan Herøy, Gunnvor Nilsen (1979) og Elsa Herøy (2000) vært ansatte som postens representant på øyen vest i havet.

I 1973 endret Fedje poståpneri status, idet poståpneriet gikk over til å bli underpostkontor. I 1977 ble statusen igjen endret, nå til postkontor C.

I forbindelse med den store postomleggingen i 1999 fikk Fedje postkontor nytt postnummer -5947 Fedje.

Som nevnt innledningsvis fikk Fedje poståpneri sitt første stempel i 1892. Ikke før i 1959 fikk poståpneriet sitt neste nye stempel, et enringsstempel (20 mm) med åpen stjerne nede langs stempelbuen. I 1971 kom det tredje stempelet, et tilsvarende med postnummer 5133 langs buen.

Det siste stempelet fikk Fedje i 1999 da postnummeret ble endret til 5947 Fedje.

## DAMPBÅTENE OVERTOK

Den strabasiøse robåtturen fra Fedje til Kjelstrømmen og tilbake ble tidlig i 1880-årene erstattet av lokalbåten «Ålesund», og noen år senere av «Horden». Det var det nystartede Lindås og Masfjorden Dampskipslag som gjorde dette mulig. Dermed ble postforsendelsene både raskere og tryggere.

I 1908 ble «Lindaas» satt inn i ruten på Fedje. «Lindaas» gikk i ruten mellom Bergen og Fedje i en mannsalder, og det er nok denne båten som har betydd mest for feiingene opp gjennom årene. Noen år senere kom også «Austrheim» inn i ruten.

I slutten på 1950-tallet var det slutt på overnattingsturene mellom Bergen og Fedje, turer som ofte tok 17-18 timer! Nå ble det dagsturer i stedet på ruten, tre-fire ganger i uken. Dette medførte at overfartstiden ble redusert til del halve.

I 1970 var det slutt på de lange turene mellom Bergen og Fedje. Nå ble det satt inn en moderne bilferge mellom Rossnes i Austrheim og Fedje. Nytt fergeleie ble bygget på Sævrøy i 1990 og dermed var Fedje bare en halvtime unna «sivilisasjonen».

## POSTEKSPEDISJONER

De fleste båtene som trafikkerte Nordhordlands-kommunene var utstyrt med egne postekspedisjoner og dertil egne poststempler. Det mest kjente stempelet som ble brukt i Fedjeruten var «BERGEN-FEDJE POSTEKSP.» med lukket stjerne langs stempelbuen. Stempelet ble tatt i bruk

10. september 1909 og var i bruk til 27. februar 1929.

Fra 1. april 1929 var det Lindås-Masfjorden Dampskipslag som opererte båtrutene i Nordhordland. I 1952 ble Bergen Nordhordland Rutelag opprettet og overtok rutene.

Fra 1929 og frem til 1952 var det i bruk tre forskjellige stempler i ruten på Fedje. Alle hadde inskripsjonen «LINDÅS-MASFJORDEN» med stor F nede langs stempelbuen hvor F sto for Fedje.

Under siste verdenskrig var tyskerne sterkt representert med forskjellige avdelinger både på Fedje og naboøyen Holmengrå. Det medførte en ikke ubetydelig postforsendelse mellom Fedje og soldatenes familier i Tyskland. Undertegnede har dessverre ikke feltpostbrev til og fra Fedje å vise frem. Kanskje noen av leserne kan fremskaffe noen kopier?

## POSTHENTING SOM ENDTE I TRAGEDIE

Helt til slutt vil jeg fortelle om en liten, men tragisk historie hvor «posten» var involvert.

Min morfar, Marius Lunde, var ansatt som fyrbetjent på Hellesøy fyr fra 1922. Fyret lå på en holme 50 meter fra hovedøyen, og man måtte derfor i båt over Fyrsundet for å handle og hente post.

28. august 1927 skulle min morfar over Fyrsundet for at eldstesønnen Mons skulle gå til Kirkevågen for å handle og hente post. På vei tilbake over Fyrsundet kantret båten i en brottsjø og min morfar og hans yngste sønn, Nils Olai, druknet.

Tragedien resulterte i at ingen familier lenger fikk bo på fyret. Resten av familien min flyttet deretter tilbake til byen.

Med denne tragedien i bakhodet er det kanskje ikke så rart at undertegnede har skrevet denne artikkelen om posten på Fedje.

**Kilder som er brukt:**

Postens sirkulærer 1870-1952.
Anders Langangens stempeloversikter.
”Fedje og Folket. Gards- og Ættesoge for Fedje.» Arvid Skogseth 1997.
”Tyske militære avdelinger
og feltpostnumre tilknyttet Norge 1940-45.» Erik Lørdahl 2001.
Fedje kommune nettside.
Materiell fra egen samling.



*Arne Eriksen:*

# Då posten forliste på Kvinnheradsfjorden i 1854

«Intet kan saaledes som Postvæsenets Fremgang vise den store Udvikling, som er foregaaet i mange Retninger blandt os i den sidste Menneskealder», skriv sokneprest Olaf Olafsen i sin «historisk-typografisk-statistisk Beskrivelse af Ullensvangs Herred» frå 1907. Olafsen var sokneprest i Ullensvang og budde på Lofthus frå 1890 til 1913. Eg har nytta dette sitatet ved fleire høve som ein slags programerklæring for posthistoriske studium. Utviklinga av postale tenester i Noreg er knytt opp til – og ein konsekvens av – viktige samfunnsmessige prosessar, særleg tydelege på 1800-talet. Både embetsverk, kyrkje, skulevesen og ikkje minst eit moderne næringsliv var i behov for ein infrastruktur som gjorde det mogeleg å få fram vital informasjon raskt og effektivt. Slik sett hang vegbygging, dampskipsfart og jarnbaneutbygging tett saman med utviklinga av eit finmaska nett av poststader i heile landet (Eriksen 2009a).

Nå var det ikkje berre enkelt å vera ansvarleg for postale tenester på 1800-talet. Sjølv om samferdslesektoren gjennomgikk ein revolusjon levde den tradisjonelle forma for posttransport vidare. Omkring 1850 var det framleis slik at robåt og hest og kjerre var dei viktigaste transportmidla kring om i landet.

Frå 1837 hadde styresmaktene innført ei ordning med postførarar (Steen 1923). Dette må sjåast på som ei profesjonalisering av posttransporten. Føremålet var å sikra regelmessig transport og hindre avvik frå fastsette rutetider. Samstundes skulle postføraren vera ein tryggleik i høve til ein ikkje liten fare for landevegsrøveri. Det var difor vanleg at postføraren vart rekruttert frå det militære og at vedkomande vart utstyrt med våpen.

Kva slag utfordringar møtte desse postførarane? Kor tid gjekk det gale? Kva hende då? Eit av dei mest kjende døma frå vår del av landet er historia om postførar Gunnar Turtveit frå Røldal som vart teken av eit snøras ved Seljestad i januar 1903 (Dalen 1979). Ved hjelp av posthornet greidde han å grava seg ut etter 56 timar. I denne artikkelen vil eg gjera greie for ei alvorleg hending i den gamle postruta mellom Stavanger og Bergen. Utgangspunktet er at eg i fjor kjøpte eit brev på ein frimerkeauksjon. I brevet fann eg ein attest som tyda på at posten mellom Stavanger og Bergen hadde forulykka på Kvinnheradsfjorden i 1854. Etter mange arkivdykk har eg etter kvart skaffa meg oversikt over kva som hende nokre dramatiske timar i april 1854. I denne artikkelen vil eg oppsummera funna mine. Dei gir mellom anna eit bilete av kor risikofylt postransport

kunne vera. Men før me gir oss forliset i vald må eg få gjera greie for den postale konteksten.




*Figur 1. Kartutsnitt over postvegen Bergen – Stavanger - 1835.*
*(Kjelde: Kart av Sverre Mo i Eldøy 1993 : 24)*

## Eit postopneri i Kvinnherad

Me er i Kvinnherad midt på 1800-talet. Gjennom bygda frå Ølfernes i sør til Helvik i nord går den «Stavangerske Posttour» (Eldøy 1993, Vikane 1994). Dette var den gamle postruta på Vestlandet – frå Stavanger via Bergen til Molde (seinare til Trondheim) som vart etablert i 1786 jf figur 1. I ein plakat dagsett 8. desember 1786 kan me lesa følgjande (utdrag):

> *«Da Hans Kongelige Majestæt ved Resolution af 13de Majs forrige Aar allernaadigst har bevilget, at en Post maatte anlægges, for at gaae hver Uge frem og tilbage igiennem Districterne fra Stavanger over Bergen til Molde Nordenfields, til at gavne Fiskerierne og andre Næringsveie i disse afsides beliggende Stæder, samt lette og befordre den deraf flydende Handel .......»* (Lover, Anordninger, Kunngjørelser m.v. 1786).

Etter kvart vart det oppretta fleire postopneri langs denne «Posttouren» – også i Kvinnherad.

Postopnar Lars Knudsen (1827 – 1910) på postopneriet Teigen eller Munketeigen er ein sentral person i denne historia. Og eg skal bruka litt tid på dette postopneriet. Gjennomgangen av kjeldene i denne saka har nemleg brakt fram informasjon om posttenestene i området Husnes - Valen som eg ikkje trur har vore kjende.

I følgje dei lokalhistoriske kjeldene (Eldøy 1986, Vikane 1994) vart det oppretta eit postopneri på garden Mun-




*Figur 2. Handskrive poststad «Vahlen». Utsnitt av brev til Amtmannen i Søndre Bergenhus som er dagsett Onerheim 19. august 1854. Å skriva poststaden for hand var vanleg før postopneria fekk stempel. Tala 14 – 4 er påført i samsvar med reglement for brevkartering. Alle brev vart ført på ei liste (kart) og talet 14 viser til at brevet var nr. 14 på kartet medan talet 4 viser til at portoen var 4 skilling*

keteigen i 1849 som fekk namnet Eid i Fjælberg. Dette skulle vera det første postopneriet i Kvinnherad med unnatak av Roaldstveit i Ølve. Dette fann eg noko merkelig fordi det nemnde brevet frå 1854 er påført «Vahlen» sjå figur 2. På den medfølgjande attesten var også namnet «Vahlen» nytta – no saman med namnetrekket til postopnar Lars Knudsen sjå figur 3. På attesten ser me også eit lakksegl med teksten «Vahlen postaabneri» figur 4. Medan eg grunna over dette dukka det opp ytterligare eit brev frå «Vahlen» sjå figur 5.

Så langt eg kan tyda figur 2, 3 og 5 er det same person som har skrive «Vahlen / Valen» på alle tre dokumenta, og det må vera Lars Knudsen. Det kan såleis ikkje vera tvil om at Lars Knudsen styrte eit postopneri som nytta namnet Vahlen både i 1850 og altså så seint som i 1854.

Om me så sjekkar mot «Poststaddatabasen» der Posten har samla informasjon om alle tidlegare poststader, finn ein at Vahlen i Fjeldberg postopneri på garden Vahlen vart oppretta ved Departementalt skriv av 27.8.1845 med verknad frå 1.10.1845. Opplysningane i poststaddatabasen vert stadfesta i Departementstidende: «*Skrivelse fra Finants-, Handels-, og Told:Departementet til søndre Bergenhuus Amt, hvorved et Postaabneri bestemmes oprettet paa Gaarden Vahlen i Fjeldbergs Præstegjeld fra 1ste October 1845,……*» (Departementstidende bind XI 1845).

I følgje poststaddatabasen er det ikkje kjend kven som var postopnar eller ansvarleg ved opprettinga av postopneriet på Valen. Det kunne jo villeida nokon til å tru at avgjerda om å oppretta postopneriet aldri vart sett i verk, og at det difor kunne vera rimeleg å tru at Eid i Fjælberg på Teigen var første postopneriet i denne delen av Kvinnherad.



*Figur 3. Handskrive Valens Postaabnerie 8`August 1854. L Knudsen Postaabner*



*Figur 4. Lakksegl med tekst Vahlens Postaabneri. I følgje Langangen (1993) fekk Vahlen postaabneri tilsendt postsignet i 1845*

Men kvifor skulle då postopnar Lars Knudsen nytta namnet «Vahlen» i 1850? Og i alle høve disponerte jo Knudsen ein postsignet som bar namnet Vahlen.

Heldigvis kunne andre arkiv bidra med meir informasjon. I eit brev til amtmannen i Søndre Bergenhus Amt dagsett 27. august 1845 melder Finans-, Handels- og Tolldepartementet at det på bakgrunn av eit forslag frå Eids Sogns Formannskap *«fra 1ste October d.a. skal oprettes et Postaabnerie paa Gaarden Vahlen i Fjældbergs Præstegield for hvilket Lönnen bestemmes til 8 Spd aarlig»*. (Amtmannen jnr 2468/1845).

Departementet seiar vidare at *«förmeldte Bipost …… skal udgaae fra og ankomme til Vahlen Postaabnerie»*, og at til postopnar *«bliver at beskikke Löytnant Undahl ved Vahlens Postaabnerie»*. (Amtmannen same jnr)

Med dette skulle det vera dokumentert at første postopneri i Kvinnherad utanom Roaldstveit var Valen. Løytnant Undahl som vart tilsett som postopnar er Jens Fredrik Undahl (1803 – 1846). Etter delinga av Valegarden i 1833 sat Jens Fredrik Undahl med Nordre Valo, medan Axel Rosenkrantz Undahl (1807 – 1886) sat med Søndre Valo (Havnelid 1992: 31 – 33). Begge brørne var i si tid ordførarar i Eid soknekommune og med dette involverte i arbeidet med å få postopneri til distriktet.

Jens Fredrik Undahl si karriere som postopnar vart kort. Han døyr i 1846 og kan soleis berre ha vore i embetet i om lag eit år. Amtmannen i Søndre Bergenhus Amt vert informert om dødsfallet i brev frå Bergen postkontor dagsett 1. januar 1847: *«Til Postcontoiret indlöb idag Meddelelse om, at Postaabneren paa Vahlen, Löyt. Jens Undahl, ved Döden er afgaaen i hvilket herved indberettes»* (Amtmannen jnr 30 / 1847). Men drifta ved postopneriet på Valen held fram. Amtmannen får i mai 1849 melding frå postmeister Kielland i Bergen om at det er innsendt rekneskap frå Valen (Amtmannen jnr 2520 / 1849), og så – i august 1849 – finn me eit brev til amtmannen frå ein tredje bror Undahl (Amtmannen jnr 3726 / 1849):

*«Til Söndre Bergenhuus Amt*

*Vedlagte Qvittering fra Bergens Postcontoir om at dette har modta-*

*get Regnskab og Remisse for 2det Qvartal 1849 fra Wahlens Postaabnerie, fremsendes.*

*Ærbödigst W Undahl*

*Wahlen den 28 August 1849."*

På utsida av brevet har «W Undahl, Leutnant» underteikna for portofridom.

Dette inneber at Wilhelm Frimann Undahl (1809 – 1874), som overtok Nordre Valo etter broren Jens Fredrik, også overtok som postopnar. Den jobben må han ha hatt til ein gang i 1849. Eg har ikkje funne ut kvifor det på dette tidspunktet vart gjort endringar for postopnarstillinga.

I amtmannsarkivet finn me at Departementet seinhaustes 1849 etterlyser rekneskapen frå «Eids (Valen)» postopneri (Amtmannen jnr 4552 / 1849). Og den 30. november 1849 finn me så følgjande innført i journalen: «Knudsen. Postaabner i Valen melder 26/11 at hans Regnskab for 3de Qvartal d. A. allerede er indsendt den 31. Octbr. Indk. 30. november» (Amtmannen jnr 4803 / 1849). Brevet frå postopnar Knudsen er å finna i saksarkivet, og me kan lesa følgjande:

*«Til Söndre Bergenhuus Amt*

*I anledning af Amtets Skrivelse af 19 d.M maae jeg herved godtgjöre for Amtet at Rigtighed for Ind-*



*Figur 5.*
*Betalt brev sendt frå Valen til Eegsæt per Aalesund. Brevet er ikkje datert på Valen, men det er transittstempla Bergen 12.11.1850 og mottaksstempla Aalesund 23.11.50. Me finn også at brevet er kartert 10 – 8. Talet 10 viser til at brevet var nr. 10 på kartet medan talet 8 viser til at portoen var 8 skilling. Dette var korrekt porto for enkeltvektig brev på distanse over 20 mil. Brevet er sendt med den gamle postruta på Vestlandet.*

*sendelse ved Wahlens Postaabnerie i 3 Qvartal d. A. blev indsendt til Bergens Postcontor d 31 f. M.*

*Med Skrivelse i Dag til Postcontoret haaber jeg at erholde Atest om dettes Rigthighed der skal blive Amtet indsendt med omgaaende Post.*

*Wahlen Postaabnerie Munketeigen 26 november 1849*

*Underdanigst L. Knudsen"*

Og me kan nå sjå at det er Lars Knudsen som er postopnar på Valen postopneri. Og Lars Knutsen har flytta postopneriet til Munketeigen. Nærare sorenskrivargarden på Undarheim som også vert ein sentral stad i resten av denne historia.

På bakgrunn av dette kan me konkludera med at det i 1845 vart oppretta eit postopneri på Valen og at dette hausten 1849 vart flytta til Munketeigen. Postopneriet endra formelt namn til Eid same hausten, men lokalt vart det framleis nytta Valen postopneri – og etter kvart Teigen eller Munketeigen. Ein rimeleg hypotese vil vera at namnet Eid ikkje vart skikkeleg innarbeid før postopneriet fekk datostempel med namn – Eid i Søndhordland i 1858.

Lars Knudsen Munketeigen skulle koma til å bli ein velkjend postopnar. Han hadde stillinga frå 1849 til 1904. Då hadde postopneriet flytta til dampskipskaien på Sunde.

Og med dette som bakgrunn kan me gå til april 1854.

## Forliset

Det er ettermiddag, og himmelen over Kvinnherad er svart onsdag 5. april 1854. Riktig ein uvêrsdag med kuling frå nordvest og grov sjø. Ein slik dag då bygdefolk held seg på land. I bua til Paul Solensteen på Herøyo har dei fyrt godt i omnen denne aprildagen, og landhandlaren sjølv underhaldar dei handlande med historier frå siste bytur. Han skal nett smøre godt på om korleis han lurte ein av kjøpmennene på Bryggen då døra går opp med eit brak. Inn kjem ein av sjøfolka hans, Lars Villumsen, medan han ropar: «Det er folk i naud på havet – postbåten er kvelva – det står om livet».

Solensteen tar raskt kommandoen, og saman med Villumsen og tre andre karar får han båten sin på vatnet. Dei kan no sjå at også brørne Tørres og Ole Madsen Berge har høyrt naudskrik og er på veg mot havaristen i sin båt. Sjølv om bylgjene er meterhøge vert bergingsfolka fort klar over at det ligg folk i vatnet. Og dei skjønar at her gjeld det om å vera snare. Dei ror det dei er kar om medan Solensteen kaukar: «Hold ut – hjelp er på veg».

Tørres og Ole Madsen Berge er først framme ved den forliste postbåten. Dei får berga to mann som ligg i sjøen. Vatnet er iskaldt, og begge er nedkjølte etter å ha baska rundt i nær ein ½ time. Dei to Berge-brørne kjennar ikkje postføraren, men dei kan sjå at den andre karen er postbonden Hans Hansen frå Vetledale på hi sida av fjorden. Hans er utsliten, men ropar at dei må finna han Lars. Men havet er svart rundt båten –

ingen andre er å sjå.

No er også landhandlaren sitt mannskap på plass. Solensteen får signalisert til Berge-brørne at dei må ro til land med dei to dei har berga. Han skal ta hand om postbåten. Solensteen veit at i båten finst ei postveske med pengebrev, og her gjeld det å berga pengane. No er enda ein båt komen utpå og i fellesskap får dei postbåten på rett kjøl. Men postveska er borte.

Slik hende det kanskje – det me nokre dagar seinare finn ein notis om i avisa Bergensposten:

«Onsdag kuldseilede Stavangerposten paa Kvindherredsfjorden ¼ Mil fra Helvig. En Mand blev borte tilligemed Postvæsken, der dog indeholdt Lidet, da den vigtigste Post var afgaaet hid med «Bergen».»

## Å ro posten

For dei fleste er det vel dei tradisjonelle fjordabåtane som ein best kjem i hug når det gjeld maritim posttransport. Men langt ut på 1800-talet spelte robåten ei viktig rolle som transportmiddel. Ein av dei som opplevde desse postbåtane var forfattaren Jonas Lie. I sjøforteljinga Gaa Paa frå 1882 skriv han:

«Postbåten var nettop nu blitt synlig over trærne nede på odden. Det var en sekstring med tre mann, der rodde, så de lå langflate henefter toftene, mens stevnen formelig grov sig gjennem skummet............ Kursen lå skrås over til poståpneriet.» (Lie 1951: 12).

Me skal ikkje halda det for umogeleg at tenåringen Jonas Lie hadde sett postbåten i hardt vêr med kurs for Helvik og Herøysund i Kvinnherad ein gong kring 1850. For Jonas Lie var 12 år då far hans, Mons Lie, i 1845 vart sorenskrivar i Sunnhordland, og familien flytta frå Tromsø til Undarheim i Kvinnherad.

I alle høve var folk i Sunnhordland og Ryfylke vel kjende med at posten måtte i robåt når fjordane i Den Stavangerske Posttour skulle kryssast. Dei visste og at å kryssa ein vestlandsfjord i dårleg vêr kunne vera ein risikofylt affære. Dei 18 mila mellom Stavanger og Bergen tok difor ofte mykje lengre tid enn dei tilmålte 36 timane. Og vêret kunne nok mang ein gang vera årsaka til forseinkingane.

### Regelverket

Poststyresmaktene var sjølvsagt merksame på at å føra post i open båt innebar risiko for at posten kunne gå over bord. Difor var dei nøye med å understreka at posten skulle sikrast på for-



— Onsdag kuldseilede Stavangerposten paa Kvind-
herredsfjorden ¼ Mil fra Helvig. En Mand blev
borte tilligemed Postvæsken, der dog kun indeholdt Li-
det, da den vigtigste Post var afgaaet hid med
„Bergen".

*Figur 6*
*Notis frå Bergensposten 9. april 1854*

svarleg vis. Om dette finn me fleire døme i det postale regelverket. I 1844 høyrest det slik ut:

*«Circulaire fra Finans-, Handels-, og Told Departementet til de Postcontoirer, der have Postroute tilsøes, hvorved Departementet paa det alvorligste tilholder enhver Postkarl, Postfører og Postbonde, som befordrer Posten tilsøes, stedse at fastbinde Postsækken med forsvarlige Toug til Baaden førend de lægge fra Land med Posten, hvorhos tilføies, at de Forsømmerlige i saa henseende ville blive dragne til Ansvar, saafremt Departementet bliver vidende om saadan Efterladenhed» (Lover, Anordninger m.v. Bind XI 1844 – 1846: 40).*

Ein må tru at poststyresmaktene meiner alvor her. Tillit er grunnleggjande for verksemder som skal ta hand om andre sine verdiar. Og det var nett dette som var ein av dei viktigaste oppgåvene for posten på denne tida. Transport av verdibrev med pengar i. Då måtte kundane vera trygge på at sendingane kom fram. Stort sett gjekk dette bra, og posten hadde eit godt omdømme, men som denne artikkelen dokumenterer – av og til kom posten bort.

I 1831 var det til dømes eit uhell i den Stavangerske Posttour:

*«Til Finans Departementet er indkommet Indberetning om at den fra Stavanger under 19. s. M. afgaaende og til Bergen bestemte Postsæk er blevet borte, idet en Kastevind bragte Postbaaden til at kantre paa Sandeisfjorden noget nordenfor Wigedal. Postførerne bleve reddede, men Postsækken – der er forklaret at have været fastbundet i Baaden – sledes løs under Baadens kantring, og sank paa en Dybde af mindst 100 Favne. De fra Stavanger med bemeldte Post afsendte Pengesummer beløbe til omtrent 850 Spd. Sedler, og 278 Spd. Sølv.*

Til Oplysning om de nærmere Omstændigheder ved dette Tilfælde, er Forhør reqvireret optaget» (Departementstidende No 23 – 6. juni 1831).

Dårleg vêr på Vikedalsfjorden i 1831 altså. Henrik Nygaard har funne fram avhøyret om saka frå tinget på Jelsa i Ryfylke, og ein av dei som såg postbåten vel av garde vitna slik:

*«.........at dei (postførarane Sjur Thorssen og Jens Eriksen Leirbøe - min merk.) hadde festa postsekken i båten som vanleg, då dei hadde ført posten i fleire år, og var pålitelege og gjorde si plikt. Men kjettinglåsen var ikkje god. Ringane i den alenlange kjettingen var i grunnen for store til tverrsplinten i låsen, og kunne derfor ha losna under slingringa i sjøen etter forliset» (Nygaard 1978: 110).*

Og fleire episodar skulle koma:

*«Ved to i den senere Tid indtrufne Forlis af Postbaade er Postvæskerne gaaede tabt under*

*saadanne Omstændigheder, at det maa ansees hidført ved Tilsidesættelse af den i Postbefordringskontrakterne indeholdte Bestemmelse om, at Postvæskerne ved Baadpostbefordring skulle være fastbundne til Baaden.*

*Foranlediget herved skal Poststyrelsen anmode DHrr. Postmestre og Postexpeditører, under hvem Baadpostruter maatte sortere, om paa det Strengeste at indskjærpe vedkommende Postbefordrere Nødvendigheden af, at omhandlede Bestemmelse overholdes, samt at foreholde dem det Ansvar, de ville kunne paadrage sig ved Forsømmelighed i saa henseende» (Postcirkulære No 10 – 22. april 1890).*

Så seint som i 1905 er sikring av post i båt framleis eit tema i Postverket sitt regelverk. No relativt kort og fyndig, ikkje til å misforstå:

*«Hvor posten befordres med baad, maa han (postføraren – min merk.) fastbinde postvæskerne saaledes til baaden, at de hænger fast, selv om baaden kantrer» (Postreglementet 1905. Bilag §8).*

Postverket sitt regelverket var tydeleg. Den som førte posten hadde ansvar for å syta for at postveska var godt festa i båten slik at ho ikkje skulle gå over bord sjølv om vêret var dårleg eller båten kantra ved eit uhell. Og då er det på tide å venda attende til Kvinnherad i 1854.

## Etterforsking

Ryktet har gått føre postopnar Lars Knudsen Munketeigen då han skundar seg fram til skrivargarden Undarheim torsdag 6. april 1854. Sorenskrivar Mons Lie kan sjå han frå vindauget, og han veit kva bodskap postopnaren er på veg med. Postbåten er forlist, postveska er forsvunnen og ein postkar frå Vetledale har drukna. «Du får vera god å koma inn på kontoret, Lars» seier Lie då han opnar døra.

Eit par timar seinare er sorenskrivaren oppdatert på gårsdagens hendingar, og Lars Knudsen har fortalt at han allereie har sendt melding til Bergen Postkontor om forliset. Han arbeider no med å setja opp ei liste over alle verdisendingane som var i postveska.

Det er ein røynd sorenskrivar som går i gang med å førebu etterforskinga av forliset. Mons Lie vart fødd i 1803 på Inderøya i Nord-Trøndelag. Etter juridisk embetseksamen i 1826 og fullmektigkarriere vert han i 1838 byfogd i Tromsø. I perioden 1842 til 1846 er han også postmeister i Tromsø. I 1845 vert Mons Lie utnemnd til sorenskrivar i Sunnhordland, og i 1846 kjem han med familien til Kvinnherad. No set han seg altså til skrivepulten og skriv til amtmannen i Bergen at

*«postaabneren paa Teigen anmelder i dette Øieblikk for mig, at Baaden der skulde före Posten fra Postaabneriet Teigen til Roalstvedt er igaar forlist paa Kvindherredsfjorden og een af de tre Mænd der førte Posten omkom ved denne*

*Leilighed, ligesom ogsaa Postvæsken er gaaen tabt. Jeg har*



*Figur 7 Sorenskrivar Mons Lie og hustru Pauline (Kjelde: Røstbøe 2002 : 81)*

*antaget ærbödigst forelöbig at turde indberette dette, med Bemærkning at Forhör vil blive optaget til Undersögelse om Nogen har tilregnelig Skyld i det Indtrufne» (Amtmannen jnr. 1420/1854).*

Sorenskrivaren tilføyer at han vil syta for at brev han sjølve hadde sendt med posten vert omskrivne og sende på nytt.

Men nyhende om forliset har allereie kome fram til Bergen. Amtmann Vogt har same dagen sendt brev sørover med melding om at sorenskrivaren må ta opp avhøyr. Så Mons Lie har knapt om tid. Han må avvikla avhøyret snarast mogeleg, og me kan tenkja oss at det er tre forhold som sorenskrivaren har til hensikt å avdekka gjennom vitneavhøyra. For det først sjølve kjeda av hendingar, for det andre i kva grad postveska var forsvarleg fastgjort i postbåten og for det tredje kva postveska faktisk inneheldt.

Han kjem til at det vil vera råd å gjennomføra eit forsvarleg avhøyr førstkomande måndag kl. 10 på sorenskrivargarden, og han skriv straks innkalling. Dei som skal møta for å gjera greie for kva som hende ved forliset mellom «Postaabneriene Teigen og Roalstvedt» er

- ·dei postfolka som vart berga
- ·dei folka på Helvik som var til stades då postbåten segla nordover
- ·dei som sto for redningsaksjonen
- ·dei som eventuelt kan seia noko om postveska
- ·postopnar Lars Knudsen Munketeigen

Postfolka skal medbringa reglane for postføring. Postopnaren skal gjera greie for kva postsaker som gjekk tapt.

Laurdag 8. april sender Mons Lie eit notat til lensmann Helvig som får i oppdrag å forkynne innkallinga til avhøyret til dei aktuelle vitna. Lensmannen får også pålegg om å organisera sokning etter postveska om vêret gjer det mogeleg. Rekninga for dette oppdraget skal sendast postmeisteren i Bergen.

## Avhøyret

Det er mykje folk samla på sorenskrivargarden Undarheim i Kvinnherad då avhøyret om postforliset byrjar måndag 10. april 1854. Retten sin administrator sorenskrivar Mons Lie er assistert av lagrettemennene Hans Nilsen Onereim og Petter Johannessen Onereim – begge lokale gardbrukarar. Det er innkalla 20 vitne.

Sorenskrivaren vil først vita kva den 27 år gamle postopnaren på Teigen - Lars Knudsen Munketeigen – har å seia om innhaldet i postveska. Han har med seg kopi av ei rekonstruert liste over post som vart sendt vidare nordover frå Teigens postopneri onsdag 5 april. Denne lista er sendt til Bergen Postkontor. Lista viser at 27 bankobrev var omkartert og sendt vidare frå Teigen. Sidan breva opphavleg var innleverte ved andre postopneri kan ikkje Lars fastsetje eksakt kor mykje pengar dei inneheldt, men han antar at det kunne vera om lag 2000 Spesiedalar. For å fastslå den nøyaktige summen må ein ha tilgang til alle timesetlar. I tillegg var det 6 bankobrev i postveska som var innleverte på «Vahlens Postaabneri», pålydande til saman 189 Spd & 12 S.

Lars Knudsen kan vidare opplysa at eit eller mogelegvis fleire av breva der sorenskrivar Lie var avsendar, hadde påteikna «Documenter af Vigtighed» eller «Obligationer».

Totalt forsvann altså 33 bankobrev med ein samla sum på om lag 2200 Spd. Godt over ½ million kroner etter noverande verdi.

Sorenskrivaren vil så ha klarlagt kva som hende onsdag 5. april. Hovudvitnet så og seia er postføraren Anders Larsson Kvitne, fødd på Voss i 1826. Han forklarar at han var konstituert



*Figur 8 Utsnitt av brev frå amtmann Vogt til sorenskrivar Lie stempla Bergen 6. april 1854. Frå arkivet til sorenskrivaren i Sunnhordland, Statsarkivet i Bergen. Sorenskrivar Lie nytta dette brevomslaget til å samla alle vedlegga knytt til avhøyret om forliset.*

som postførar mellom Bergen og Stavanger til utgangen av mars 1854. På veg heim til Bergen kom han til poststasjonen på Helvik 4. april. Der møtte han sørgåande post onsdag 5. april. Han fekk då vita at postførar korporal Nilsen låg sjuk på poststasjonen Sundfjord i Strandvik. Kvitne sa vidare at «da han saaledes traf Posten uden Bevogtning i Helvigen, besluttede han som Postförer at medtage den sydefter, indtil han traf Posten, som ventedes fra Stavanger».

Seinare same dagen møtte Kvitne postførar Lambrigt Leknes med nordgåande post eit stykke sør for Helvik. Dei vert samde om at Leknes overtek sørgåande post medan Kvitne tek Bergensposten og reiser nordover. Då han kjem til landhandelen på Herøyo treffer han Lars Larsen Vetledale og Hans Hansen Vetledale som hadde rodd posten over fjorden tidlegare på dagen. Han gjer no avtale med dei om å føra posten nord over fjorden og permiterer Knud Olsen Helvig og Rikard Samsonsen Helvig som opphavleg skulle gjera jobben.

> *«Ved Heröen bragte Knud Olsen Helvig Postvæsken hen til Baaden fra Lilledahle og lagde den bagi Baaden, idet Dep (Deponenten = vitnet – min merknad) havde taget plads paa Baadens Tofte. Hans Hansen og Lars Larsen Lilledahle indfandt sig derefter ligeledes ved Baaden, begav sig ud i denne, hvorefter de og Dep, havede Postvæsken bag i Baaden, roede fra Land, idet Hans Hansen Lilledahle bandt Postvæsken med hjælp af dens Remmer eller Fester fast under Baugen i Baaden og knyttede Remmerne sammen».*

Kvitne kunne elles opplysa at postveska normalt sett ville ha vore festa med ei jarnlenke, men lenka var i uorden og difor vart veska festa ved hjelp av reimene.

Dei rodde no nordetter fjorden i sterk nordvestleg vind med snøbyer og grov sjø. Dei prøvde å setja segl, men det var uråd. Båten vart fylt med vatn og kvelva fleire gonger. Dei tre karane forsøkte etter beste evne å halda seg fast i båten. Tragisk nok drukna Lars Larsen Vetledale, og postveska forsvann.

Andre vitne i saka kan bekrefta Anders Kvitne sine utsegn. Mons Lie er nøye med å spørje om korleis postveska var festa i båten. Alle aktuelle vitne er samde i at dette hadde gått føre seg på forsvarleg vis. Til dømes:

> *«Hans Hansen personlig bandt Postvesken fast bag i Baaden, idet han stak de Læderremmer, hvorefter den bærede , omkring Ringen eller Bagknæet i Baaden og knyttede Remmerne sammen med Knuder».*

Mons Lie vil også klarleggja korleis postveska kunne slitna, og forklaringa er dei vankelege vêrtilhøva:

> *«Hans Hansen saa, medens han holdt sig fast ved den hvælvede Baad, naar denne kantred rundt i Söen, at Postvæsken enda hang fast ved dens Bagstavn, men formedelst den svære Hivning med Baaden og*

*Bölgegang formoder han, at Læderremmerne i vesken maa være afslidt, og Væsken altsaa skildt fra Baaden».*

Og postførar Anders Kvitne «erindrer og er villig til, om paafordres, at beedige, at han, medens han holdt sig fast ved Baadens Forstavn og, efterat denne havde hvælvet om mange Gange, enda saa Postvæsken med Remmer at henge fast i Baadens bagerste Rum, dog hengte Vesken udenfor Baaden, og Remmerne vare festede indeni, men han finder det rimeligt, at Remmerne ere afslidte under den idelige Omveltning og Bölgegang, som förte Baaden voldsomt op og ned i Söen».

Me har innleiingsvis i denne artikkelen fått vita korleis dei forulykka fekk hjelp av folk som hadde sett postbåten forlisa. I tillegg til at landhandlar Paul Solensteen forklarte seg om redningsoperasjonen har han også synspunkt på om det er råd å finna att den sakna postveska:

*«Det saaledes Omforklarende Person – saavidt skjönner – Kl.: 2 a 3 Eftermiddag sidste Onsdag, Vinden var NV og fôr meget sterk i Bygerne, hvorfor Sögangen var höi, da folk i Fjorden i saadan Stund staar paa Land. Sögangen var saameget höiere, som Ström og Vind saavidt formentlig gik i modsat Retning. Efter Deponentens bedste Indsigt venter han sig intet heldigt Resultat, hvis der soknes efter Postvæsken, formedelst det dybe Vand, Strömmen, og den som der troes - ujevne Grund».*

Avhøyrsprotokollen inneheld ingen konklusjon, men avskrift av avhøyret vert 11. april sendt til Amtmann Vogt i Bergen. Amtmannen brukar kort tid på å gjennomgå saka. Den 13. april 1854 lar han avhøyret gå vidare til Indredepartementet. I brevjournalen skriv han at «Forhöret ikke foranlediget nogen Foranstaltning af Amtet» (Amtmannen jnr 1426/1854).

## Brevet og attesten

Så langt eg kan tolka det føreliggjande kjeldematerialet vart postforliset 5. april 1854 å forstå som eit uhell – ingen hadde «Nogen tilregnelig Skyld i det Indtrufne», slik sorenskrivaren formulerer seg i brev til amtmannen. Men det er altså ei kjensgjerning at ein mann drukna, og ein ikkje ubetydeleg sum pengar forsvann. Dette bringar oss fram til brevet og attesten (sjå figur 6) som eg tok utgangspunkt i innleiingsvis.

Ein av dei skadelidne etter forliset var Jørgen Magnus Mordt. Han var fødd i Kristiania i 1828, tok juridisk eksamen i 1850 og vart deretter sorenskrivarfullmektig hjå sorenskrivar Mons Lie. Mordt hadde sendt eit bancobrev med 8 Spd til familien i Kristiania. Me finn brevet ført opp på den lista som Lars Knudsen Munketeigen la fram under avhøyret hjå sorenskrivaren.

prega av indignasjon, og Arnfred Olesen vart den gongen ikkje assosiert med eit martyrium for ytringsfridom og sekularisering. Årsaka er nok at både han og bladet han gav ut truleg vart plassert i eit ingenmannsland på utsida av den bergenske, konservative og intellektuelle likbrenningsrøsla, der ein del medlemmar kan seiast å ha hatt delvis ei faktisk og delvis ei ideologiske tilknytning til fritenkjarrørsla, og dei agiterande arbeidarsosialistane knytt til bergensavisa Arbeidet. For når ein les Fritænkeren så er det ikkje dei salvelsesfulle orda: Fred er ei det beste, som ein fyrst tenkjar på, men meir ei kort setning henta frå ein tekst av DDE:

*Her bli det liv – RAI RAI.*

Det er difor grunn til å frigjera seg frå vår eiga samtid sitt behov for martyrium i kampen for sekularisering, for å fortelja historia om fritenkjar og sosialist Arnfred Olesen og bladet Fritenkæren.

## Fritenkjarrørsla fram til byrjinga av 1900-talet

Endringsdraumar og opprørstankar generelt var ikkje noko nytt på 1800-talet, og fritenkjarar spesielt var det heller ikkje. Fritenking kan definerast som tenking kring ekstensielle spørsmål fri frå dei i tida dominerande dogme,[7] og i så fall kan ein seia at fritenking har ei like lang historie som tenking i det heile. Dersom ein tek for seg dei siste tusenåra av vår historie, så hadde ein innan den religiøse verdsforståinga, som dominerte ut mellomalderen, òg fritenking, sjølv om fritenking i ein slik kontekst fell saman med kjetteri. Sjølv om det er reformasjonen som avsluttar mellomalderen, var det oppdagingar av ulike naturlover som kom til å verta den religiøse verdsforståinga sin bane. I løpet av 1600- og 1700-talet vart fritenkinga klare og klarare skilt frå kjetteriet, og var ein av mange straumar innan opplysningstida. Det er ikkje dermed sagt at fritenking heilt frigjorde seg frå religiøse rammer, og slett ikkje at den samla sett vart antireligiøs, sjølv om antireligiøsitet var ein straum innan den. Heller må ein seia at fritenkinga meir generelt var anti autoritetsbunden tenking, og at den kunne kom i eit konflikttilhøve til religion fordi den ofte representerte autoritetsbinding av tanken.

Ei avgjerande vending tok fritenkinga frå omlag midten av 1800-talet.[8] Dette skuldast for det fyrste nye vitskaplege oppdagingar. Ikkje minst evolusjonsteorien til Charles Darwin kom til å verta ei kampsak for fritenkjarar. I Fritænkeren vart det i 1911 publisert eit «Fritænkerens katekismus», som skulle tilsvara den kristen truvedkjenninga, der det heiter i artikkel 1:

> *Jeg tror ikke paa 'gud', ikke at 'han' har skapt jorden paa 6 dage eller mennesket i sit billed. I motsætning til det gamle testaments fabeldigtning tror jeg kun paa videnskapen og dens forklaring av verdens skapelse og livets oprindelse.*[9]

På same viset som Nikolaus Kopernikus, Gallileo Gallilei og Isaac Newton på 1500- og 1600-talet gjorde universet og atmosfæren meir komplisert enn det som gjekk fram av Skrifta, fortalte Darwin og andre ei soge om sjølve livet på jorda som ikkje utan godvilje let seg harmonisera med Bibelen.[10] For det andre fordi religion for alvor hadde byrja å mista sin posisjon i det offentlege rom, noko Friedrich Nietzsche formulerte med å hevda at Gud var død. Alt dette var meir enn vatn på mølla for fritenkjarrørsla generelt, men ikkje minst for den antireligiøse retninga, som no for alvor vart synleg.

I Noreg kom Bjørnstjerne Bjørnsson og Are Garborg til å erklæra seg som fritenkjarar på 1870-talet.[11] I 1884 vann Venstre sin store politiske siger med innføringa av parlamentarismen, noko som markerte slutten på embetsmannsstaten knytt til partiet Høgre. Og i 1887 vart Det norske Arbeiderpartiet stifta, noko som peikar framover mot den sosialdemokratiske velferdsstaten. I det heile var det frå slutte på 1800-talet ei uroleg tid med store endringar både politisk og åndeleg. Men ikkje minst var det ikkje klare skilje mellom dei ulike straumane i tida. Eit døme på dette har ein frå likbrenningsrørsla i Bergen, inngåande skildra av Sigurd Sandmo i artikkelen «Bergens Ligbrændingsforening». Her var alt frå frimurarar til unitaristar og ateistar representert, alt frå kunstnarar til handels- og vitskapsmenn, i ei foreining leia av konservative personar frå det øvre sosiale sjikt i Bergen, sameint av ein felles radikal idé om kremasjon som meir rasjonelt enn gravlegging. [12]

Korleis fritenkjarrørsla vart forstått i ein politisk kontekst, ser ein mellom anna av ei utsegn i Kirkekommisjonen av 1908 si innstilling til Stortinget. Her heiter det at

> *En ny opblussen av [den kyrkjelege] reformbevægelsen skedde i 1884. Denne ppblussen hang utvilsomt sammen med parlamentarismens seier i vort statsliv efter riksretten samme aar. I forbindelse hermed maa man ogsaa ta i betragtning den djærvhet hvormed fritænkeriet og bohemen paa den tid optraadte. Begge omstændigheter i forening fremkladte inden vide kredse en levende bekymring for kirkens skjæbne. Den var jo, syntes man, nu aldeles voldgit Stortingets majoritet, som naarsomhelst kunde befrygtes at ville bli gjennemsyret av den mest aabenbare vantro.*[13]

Det var det sosialistiske Arbeidarpartiet som spøkte i bakgrunnen då dette vart ført i pennen. Som peika på innleiingsvis må fritenkjarrørsla generelt plasserast i ein tradisjon for endringsdraum og opprør. Og det er i ein slik tradisjon ein spesielt må forstå både Fritænkerklubben og bladet *Fritænkeren* i Bergen på byrjinga av 1900 -talet.

## Fritænkerklubben i Bergen av 1909

Fritænkerklubben i Bergen vart oppretta 18. april 1909. Arnfred Olesen hevda i 1911 at den var den fyrste i sitt slag i Noreg,[15] men Ronnie Johanson har i artikkelen «'Vi anerkjender ingen autoritetstro'» hevda at ein slik foreining eksisterte i Kristiania ei kort tid alt i 1908.[16] I september 1912 var det difor likevel god grunn for Arnfred Olesen i Fritænkeren å etterlysa fritenkjarklubbar i Kristiania, i tillegg til Trondheim, Stavanger og Drammen. Han fekk respons på etterlysinga. I *Fritænkeren* som kom ut 31. januar 1913 vart det annonsert medlemsmøte i fritenkjarklubben i Stavanger, kalla den Darwinistiske Forening, annakvar søndag i Folkets Hus.[17] Arnfred Olesen skulle sjølv om bergensk utsending delta på medlemsmøte der.[18] 3. februar vart det etablert ei fritenkjarklubb i Kristiania, og bare 5 dagar seinare ein i Skien.[19] I marsutgåva av Fritænkeren vart det annonsert kontaktpersonar for nye fritenkjarklubbar på Hamar, Notodden og Såheim.[20] Men i ein artikkel om Norges Fritænkerforbund i juli 1913 er det bare tale om forbundsavdelingar i nettopp Bergen, Stavanger, Skien og Kristiania, og det var frå avdelingane i Bergen og Stavanger at styremedlemmane vart henta.

Sjølve ideen om ein fritenkjarklubb kan ha kome frå England, der National Secular Society vart oppretta alt i 1866,[21] eller frå Tyskland, der til dømes Deutschen Freidenkerbund vart etablert i Frankfurt am Main i 1881, og det sosialdemokratiske Freidenker-Gesellschaft vart stifta i Hamburg i 1882.[22] I 1900 vart det òg stifta eit internasjonalt forbund med medlemmar frå 11 nasjonar,[23] og i oktober 1913 deltok Arnfred Olesen som norsk delegat på den internasjonale fritenkjarkongressen i Lisboa.[24]

Arnfred Olesen var sekretær for Fritænkerklubben i Bergen frå starten i 1909, og fekk seinare same tillitsverv i det Norges Fritænkerforbund. Det er interessant å leggja merke til at då det vart stifta ein fritenkjarklubb i Stavanger, omtalte han den som ein «kamporganitation».[25] Same året vart det publisert eit «Oprop til landets fritænkere!» om å bidra økonomisk til eit fond for «utilistisk agitasjon». Ein komité var alt nedsett av firtenkjarklubben, og den hadde same adresse som ekspedisjonen for Fritænkeren. Sjølv om føremålet med fondet skulle vera å utbreia opplysning, er det ikkje tvil om at det er opplysning om det einaste sanne som fondet skulle sikra formidling av. Fritænkerklubben står i det heile delvis fram som ein slags misjonsorganisasjon.

I *Fritænkeren* rapporterte Arnfred Olesen jamt om medlemsmøta i Bergen, og i alle høve i 1913 skal dei ha vorte halde annakvar søndag der i byen som i Stavanger.[26] Alt i nr. 1-2 1911 skriv han at det på siste møte deltok 100 personar, og mellom dei «endel prester og klokkere, som merkelig nok sluttet sig til indlederen i flere punkter.» På årsmøtet i 1912 haldt Armauer Hansen, som òg var eit

framståande medlem av Bergens Ligbrændingsforening, eit føredrag om «Arvelighed».[27] I april same året var tema om Grunnlova burde endrast for å få full religionsfridom, og at alle agitasjon mot mormonane burde opphøyra fordi dei «hverken [var] værrre eller bedre end de andre kristne sekter og kirkesamfund.» Då Stortinget seinare same året ikkje vedtok noko lov som forbaud mormonar i Noreg, vart dette av Arnfred Olesen i Fritænkeren tatt til inntekt for at resolusjonen vart tatt til følgje.

På medlemsmøtet i februar 1913 haldt dåverande sekretær R. Vibe eit føredrag om «Den israelitiske oldtid», og i oktober same året vart brotstykke av «Guds Dagbok» lest høgt til stor moro, og suksessen følgd opp med publisering av skriftstykket i neste nummer av Fritænkeren. Og i november 1914 innleia Arnfred Olesen over tema «Er hedningemissions- og indremissionsvirksomheten skadelig for vårt land?». Men på same viset som bladet *Fritænkeren* måtte leggja inn årene i 1915, gjekk det òg mot slutten for sjølve utgangspunktet for bladet – fritenkjarklubben i Bergen. Arnfred Olesen som var ein av initiativtakarane til klubben vart dermed òg ein av dei siste føredragshaldarane.

## Bladet *Fritænkeren* frå 1911 til 1915

Fritænkeren var fritenkjarklubben sitt organ.[33] Medan sjølve Fritænkerklubben kan ha hatt både engelsk og tyske førebilete, så har truleg dette bladet hatt sitt førebilete i det engelske magasinet *The Freethinker*, som kom ut frå 1881.[34] Det er ein slåande parallell utover tittellikskapen når det gjeld blasfemi mellom dei to blada, men det skal vi koma tilbake til seinare.

Bladet kom ut mellom 1911 og 1915, og hadde heile tida Arnfred Olesen som redaktør. Han skreiv fleire innlegg i bladet som han signerte med eigne initialar eller eige namn. Notisar og ein del andre innlegg i *Fritænkeren* er usignert. Det er dermed usikkert om det er redaktøren sjølv eller andre som har skrive dei. Men i alle høve må dei som usignerte skriftstykke tilskrivast redaktøren. Med tanke på at *Fritænkeren* var eit svært lite blad, er det òg grunn til å tru at det var Arnfred Olesen som ikkje bare hadde ansvaret for det som vart publisert, men faktisk sjølv skreiv om omsette mykje av det.

I 1911 og 1912 kom *Fritænkeren* ut ein gong i månaden, og kvart nummer var på 4 sider. Redaktøren rapporterte i april 1912 om at bladet no hadde fått 195 fleire abonnentar som årleg betale 50 øre i abonnement,[35] og i august same året at *Fritænkeren* no vart selt i alle kioskar i Bergen.[36] Det må vera dette som gjorde at det frå 1913 vart satsa friskt med ei dobling av sidetalet frå 48 til 96 i året, og ein tilsvarande auke i abonnementsprisen til 1 krone. I 1914 vart derimot publisert fleire dobbeltnummer, slik at det samla sidetalet igjen kom ned på 48 som i 1912.

I *Fritænkeren* nr. 7 for juli og august

1914 skreiv Arnfred Olesen at den pågåande krisa var skuld i at det var vanskeleg å få bladet ut jamn. Det stemmer nok. Men samstundes vart det alt i andre nummer av *Fritænkeren* i 1913 publisert ei oppfordring om å gje pengebidrag slik at bladet kunne koma ut annakvar veke. Seinare same året heiter det at redaktør Arnfred Olesen sjølv hadde gjeve 10 kroner til bladet, at kjøpmann Jens Sletten i Kristiania hadde gjeve 5 kroner, og at fem abonnentar i Mosjøen til saman òg hadde gjeve 5 kroner.[37] Samstundes vart abonnentane i løpet av 1913 jamt oppfordra til å betala sine abonnement, og dei som bare hadde betalt dei sedvanlege 50 ørene fekk klar melding om at dei måtte dobla summen.[38] På årsmøtet i februar 1914 bed Arnfred Olesen om at laussalsprisen på *Fritænkeren* måtte hevast frå 5 til 10 øre, og at kvart medlem av Fritænker-klubben måtte forpliktast til å kjøpa fem eksemplar av kvart nummer. Viss ikkje ville ha trekkja seg som redaktør. Forslaget vart vedtatt,[39] og viser at *Fritænkeren* var i alvorlege problem på dette tidspunktet. Krisa knytt til utbrotet av fyrste verdskrigen var nok spikaren i kista for bladet, som gjekk inn i 1915. Men samstundes kan det sjå ut som det parallelt ikkje var interesse-grunnlag for den optimistiske satsinga frå januar 1913.

I fyrste nummer av *Fritænkeren* i 1911 stod det «Søk Sandheten» og «Tænk selv» øvst oppe på fyrste sida. I til dømes artikkelen «Spildte kræfter – idioti – Gudsdyrkelse» går det både av tittel og innhald klart fram at bladet hadde ein ikkje bare hadde eit kritisk blikk på religion, noko som var felles for heile fritenkjarrørsla, men at det òg jamt over var regelrett antireligiøs, noko som var ei retning innan rørsla. Og i denne tittelen vart altså guds-dyrking knytt til bortkasta krefter og rein idioti. I sjølve artikkelen heiter det:

> *Hvis 'tro' aldri hadde eksistert, skulde verden ikke ha sett så meget av unyttig ødet kraft. Da skulde menneskeheten ha sluppet at slite, pines og trampes ihel for millioner og atter millioner av 'molocher':[40] prester, munker, nonner, ørkesløse asketer og lægprædikanter.[41]*

Når Arnfred Olesen oppsummerte den toårige historia til fritenkjarklubben i Bergen noko seinare i 1911, gjorde han det på følgjande måte:

> *Og eftersom den [fritenkjar-klubben] rykker det religiøse kobbel nærmere ind paa livet, vil dens kamp ogsaa bli tyngre. Derfor gjælder det, at saavel de nye medlemmer, som de, der har fulgt trofast med fra først av, samler kræfter til fortsat kamp i det nye arbeidsaar – mot overtroens vanvittige individer. Disse skarer er mangfoldige, men viljeløse. Vi er derimot faa, men viljefaste.[42]*

Den som las fyrste nummer av *Fritænkeren* i 1911 spesielt, eller nummera som kom ut det fyrste publiseringsåret generelt, ville ikkje vera i tvil om den redaksjonelle linja i

*Fritænkeren*: Religion var opium for folket. Og dette vart altså klart og tydeleg formulert.

Eit interessant trekk ved Fritænkeren er at den eksplisitt formulerte religionskritikken bare var eit av eit spekter av agitatoriske trekk som vart nytta. Vi har alt sett korleis Fritænkeren gav igjen ein resolusjon vedtatt av eit møte i Fritænkerklubben der ein var imot ein lovforbod mot mormonar, sidan dei ikkje var verre enn andre kristne. På det viset fekk ein sagt kor ille ein meinte alle kristne er gjennom ei tilsynelatande venlegsinna handling. I til dømes 1913 vart det publisert eit «Evangelistens 'reisebrev'» i Fritænkeren, der evangelisten Olaf Andresen fortel om sitt møte med Satan i Gol i Hallingdal, i skapnad av folkeleg motstand mot at han var tilstades, og at han klarte å koma seg til Stavanger med Guds hjelp. Skriftstykket vart avslutta med «Hva tykkes Eder ærede læser?»,[43] og tanken er at svaret gjeve seg sjølv – evangelisten si hjelpelause omdanning av alle hendingar til Gud eller satan sitt verk skal visa kor irrasjonell gudstru er. I eit kort skriftstykke seinare same året vert ein tyrkisk oberstløytnant sitt vitnebyrd om greske og bulgarske soldatar si tjuvaktige framferd og deira voldtekt av jødiske og muslimske kvinner ukommentert presentert under overskrifta «Kristendom i praksis – Du skal elske din neste som dig selv».[44] Men ved nettopp å lata handling tala for seg sjølv, utan vidare forklaring eller analyse, men lest opp mot overskrifta, er det ikkje tvil om kva ein ønskte å formidla. Det kan òg nemnast ein kort notis publisert under overskrifta «En fornuftig prest», som handlar om ein prest i Odense som ikkje ønskte å døypa eit barn til ein ikkje-truande. Hendinga vert mellom annan kommentert med «En bevidst fritænker bør holde sig for god til å lefle med *denslags*».[45] Lest opp mot overskrifta får ein slik sagt, gjennom å framhalda at sjølv blind høne kan finna korn ein gang i blant, at fritenkjarar, som er rasjonelt sjåande i motsetnad til prestar, ikkje må lata seg blinda av dei vanar som har undertrykt menneske i generasjonar.

Den typen agitasjon ein møter i *Fritænkeren* har klare likskapstrekk med den type agitasjon som ungsosialistar har vorte opplært i. Og det er ikkje utan grunn. Ein skal for det fyrste leggja merke til at Fritænkeren hadde Folkets Hus som redaksjonell adresse.[46] For det andre at møter i Fritænkerklubben vart haldne same staden.[47] Redaktør Arnfred Olesen var tilsett som revisor i arbeidarpartiavisa Arbeidet, som seinare skulle verta til *Bergens Arbeiderblad* og *Bergens Avisen*,[48] han representerte Arbeidarpartiet i bystyret i Bergen frå 1920 til 1928,[49] og skal sjølv ha definert seg som kommunist.[50] Dette ser ein ikkje bare ut frå agitasjonsteknikken, men òg frå det underliggjande ankepunktet mot religion. Som det alt er sitert frå fyrste nummer av *Fritænkeren*: «Da skulde menneskeheten ha sluppet at slite, pines og trampes ihel for millioner og atter millioner av 'molocher'». Som alt peika på gjev bladet eit klart inntrykk

av at religion er det opium som gjer at folk ikkje ser og kjempar mot dei undertrykkande strukturar som held dei nede i ein jammerdal. Den koplinga mellom politikk og religion som vi har sett vart gjort av Kirkekommisjonen av 1908 var for så vidt ikkje grunnlaus.

No skal ein vera varsam med å kopla agitasjonen i *Fritænkeren* til sosialisme åleine, for den ville truleg ha vore like gjenkjenneleg for lekpredikanten som for sosialisten. Årsaka er at agitasjonsteknikken nytta i seg sjølv ikkje kan seiast å vera politisk, men at den er praktisk av to grunnar. For det fyrste fungerer den godt i høve til personar utan utdanning, og den fungerer for det andre som eit instrument til å skapa klart definerte grupper av «vi» og «dei». Av den grunn finn ein ikkje bare igjen dei agitatoriske trekka igjen i sosialistisk agitasjon, men òg i særleg lågkyrkjeleg, eller lågkyrkjeleg retta agitasjon. Ser ein til dømes på *Til en Forstaaelse og Bedømmelse af Nutidens Fritænkeri* av Otto Møller frå 1881, *Fritænkerne og Kristentroens Moralske Værde* av Fredrik Pedersen frå 1900, *En Fritænkers Omvendelse* av Osian Limborg frå byrjinga av 1900 -talet, og *Fra Fritænker til kristen* frå 1906, ser ein at det i den kristne agitasjonen mot fritenkjarane òg vart nytta eit spekter at agitasjonsteknikkar. Teknikkar nytta for å nå den som lett lar seg villeia, og som skapar ei samkjensle mellom den som skriv og den som les, og ein avstande mellom dei to og «dei andre».

Denne fellesskapen i agitasjonsteknikk skuldast i all hovudsak at Arnfred Olesen og hans religiøse kontrapartar begge kjempa om sjeler si frelse, om dei enn var sterkt usamde i kva som var saliggjerande. Dette kan illustrerast gjennom at det i ein av artiklane i *Fritænkeren* i 1913 om tilhøvet mellom religion og moral vert det uttrykt ei liknande uro for korleis barn sitt velvære vert neglisjert som i *Fra fritænker til kristen*, publisert i Bergen i 1906.[51] Forskjellen er at i *Fritænkeren* vert religion gjort til vegen inn i elende, medan i *Fra fritænker* vert religion gjort til vegen ut av det same elende.

## Blasfemidommen av 1912

Det er tidlegare i dette skriftstykket peika på at det finst ein merkeleg parallell mellom *Fritænkeren* og det engelske bladet *The Freethinker* – redaktøren for begge publikasjonane vart straffa for blasfemi andre året bladet eksisterte etter å ha publisert eit skriftstykke der jula var harseleringsobjekt. C. W. Foot vart dømt til eitt års straffearbeid etter å ha publisert julekarikaturar i desembernummeret i 1882, medan Arnfred Olesen vart dømt til å betala ei bot på 10 kroner for sitt skriftstykke om «Den store humbug. (De 'kristnes' julehelg).» Dersom ein i Bergen har henta både ideen til ein fritenkjarpublikasjon, og til og med sjølve tittelen på publikasjonen frå *The Freethinker* i England, så har ein truleg òg kjent til blasfemidommen frå 1882. I så fall har Arnfred Olesen visst at å harselera med jula var det sikraste middel til eit fritenkjarmartyrium. Men

før vi går nærare inn på dette skal vi sjå kva det var han skreiv om jula i desembernummeret i 1911:

## *Den store humbug.*

***(De 'kristnes' julehelg).***

*Iaar saavel som tidligere blir vel de kristnes julehelg den samme vederstyggelige blanding av gavmildhet og vindesyke, dyd og last – lek og slagsmaal, latter og graat – taksigelser og klager, velsignelser og forbannelser – overdaadighet og sult, liv og død. Naar hertil kommer høitidsklædte prester i stilfulde kriker og halvfulde civilicerte mennesker i kristne drikkebuler, har man kortsagt et complet religiøst cirkus, hvor prædikanterne optrær med sine klowneglansnumre for en skare mennesker som væsentlig bestaar af oldingsaktige individer og halvtullinger.*

*Det er overflødig at advare vore meningsfæller mot julehumbugen. De holder sig selvsagt for gode til å delta i den slags circusløier. Men samtidig med at de 'kristne' hedninger mindes sin Jesus – den jødiske religionsmaker, som tilsidst holdt dem saa grundig for nar, bør vi fritænkere i motsætning til dem hædre mindet om de ædle kvinder og mænd – som idet de kæmpet den ædle kamp for fornufttroens og de frie tankers fremme – blev forfulgt og brændt av Jesu fromme (sic!) men tildels halvgale tilhængere. Lad os følge vore forgjængeres eksempel ved nu og altid, at arbeide for tankefriheten, saa skal nok engang den store humbug faa en ende.*

*Ar. O.*

Artikkelen til redaktør Arnfred Olesen inneheld altså utsegn om at prestar held folk for narr, at Jesus var ein bløffmakar, og at dei kristne har forfølgt fritenkjarar. Med andre ord meiner han at kristendom er eit bedrag,[52] at kristendomsorganiseringa er ei vidareføring av bedraget, men at det er reelt nok at dei som har vilja avsløra bedraget har vorte faktisk forfølgd og fysisk straffa. Likevel står det ikkje noko i denne artikkelen som ikkje var sagt minst like klart og tydeleg i tidlegare nummer av *Fritænkeren*, noko vi alt har sett av sitata frå «Fritænkernes katekismus», «Spildte kræfter» og artikkelen om fritenkjarklubben i Bergen, alle publisert i 1911 tilliks med «Den store humbug». Så kvifor vart den siste blasfemidommen i Noreg felt over ein artikkel som dette, og ikkje andre artiklar trykt i *Fritænkeren* i 1911?

Den originale dommen gjekk tapt med bybrannen i 1916, men den vart trykt i høgreavisa Bergen Aftenblad 4. juli 1912, og den vart kommentert i høgreavisa Aftenposten 5. juli 1912. Det var det utsegna om Jesus som «jødisk religionsmaker, som tilsidst holdt dem saa grundig for nar», som gjorde at Arnfred Olesen vart dømt etter § 142 i Straffelova av 1912. Som Aftenposten kommenterte det, var «denne (...) udtalelse er nemlig en forhaanelse af

selve den kristlige trosbekjendelse,.» sjølv om dette bare er implisitt formulert i dommen. Utsegna om at julegudstenesta vart eit «complet religiøst cirkus, hvor prædikanterene optrær med sine klowne-glansnumre for en skare mennesker som væsentlig bestaar af oldingsaktige individer og halvtullinger», vart derimot av retten ikkje sett på som krenkjande, fordi

> *denne Del af Artikkelen saavidt skjønnes ikke angriber den kristelige Troesbekjendelse, men alene den kristelige Kultus, de kristelige Prædikanter og de kristnes Liv, der ikke ved Straffelovens Bestemmelser er beskyttet mod Spot og Forhaanelse.*

*Aftenposten* fann dette skiljet «eiendommelig». Vidare heiter det i dommen at bota vart sett til 10 kroner mellom anna fordi utsegna vart gjort av overtyding og ikkje for vinning, og «på grunn av «Tiltaltes daarlige økonomiske Stilling».[53] I tillegg kom 10 kroner i sakskostandar. Men kvifor denne utsegna skal vera noko større åtak på truvedkjenninga enn den omskrivinga ein finn i «Fritænkerens katekismus» får ein ikkje vita.

Arnfred Olesen gav sin eigen gjennomgang av dommen i *Fritænkeren*, og den stemmer overeins med både dommen slik den er gjeven igjen i *Bergen Aftenblad,* og slik den er kommentert i *Aftenposten*. Her dreg han òg fram ein annan kommentar i *Aftenposten* om at ei bot for blasfemi på bare 10 kroner var blasfemisk i seg sjølv,[54] og utsegner henta frå det katolske bladet *St. Olaf*. Arnfred Olesen avsluttar med å seia at

> *'Fritænkeren's redaktør lar sig imidlertid under ingensomhelst omstændighet anfægte av disse foreteelser. Han vil fremdeles paa ærlig overbevisnings grundlag arbeide for virkeliggjørelsen av sine meningsfællers ideer.*
>
> *Saa faar man haape, at vore meningsfæller – fritænkerene – ogsaa snarest bidrar til at fordoble 'Fritænkeren's abonnementantal. Det vil uten tvil bli det værste nederlag, det kan tilføies alle skinhellighetens mænd og den presse, som – naar de aandelige vaaben og 'guds hjælp' ikke strækker til – maa ty til straffelovens § 142.*[55]

I fyrst del av denne avslutninga av artikkelen om blasfemidommen over seg sjølv, ser vi at Arnfred Olesen realiserer sitt eige martyrium – han skriv seg inn i den historia han fortalte i humbug-artikkelen som ein av dei «ædle kvinder og mænd – som idet de kæmpet den ædle kamp for fornufttroens og de frie tankers fremme – blev forfulgt og brændt av Jesu fromme (sic!) men tildels halvgale tilhængere.» Andre del av avslutninga sporar til mistanke om det kan vera at Arnfred Olesen ikkje bare ettertrakta martyriet, men om heile artikkelen var ein del av enno ein agitatorisk teknikk som han tok i bruk – at han ønskte å framprovosera ein intolerant reaksjon for å sveisa

saman «vi» som offer i høve til «dei» som undertrykkarar. Sist må ein spørja om Arnfred Olesen hadde enno eit mål med humbug-artikkelen – å få blest om Fritænkeren, og slik auka abonnementstalet.

Det er grunn til å tru at Arnfred Olesen visste at redaktøren i *The Freethinker* vart dømt for blasfemi i 1882 etter å ha publisert karikaturar av jula. Det er vidare grunn til å tru at han forstod at dette hadde sikra redaktør Foot eit fritenkjarmartyrium i hans eigen krins. Og han burde vita at The Freethinker framleis var eit verksamt blad i hans eiga samtid, over 30 år etter at det vart stifta. Kan han ha vorte freista til å kombinera eit martyrium og eit pr-stunt? Bota på 10 kroner var i alle høve ikkje større enn den summen han i 1913 likevel gav til eige blad i økonomisk støtte.

Det ein kan sikkert vita er at Arnfred Olesen i desembernummeret av *Fritænkeren* i 1912 publiserte ein kort artikkel om «Katolikers 'guds'-dyrkelse», der det i realiteten vert gjeve igjen to katolikk-vitsar. Den eine om bonden som meinte å forgjeves ha bedd til Jesus, og difor vende seg til jomfru Maria med følgjande ord: «'Det er ikke til dig, din horeunge, jeg taler, men til din hellige mor'.» Den andre om «en smuk pige fra Genuakysten» som sa følgjande i si bøn til jomfru Maria: «Hellige guds mor, du, som er blitt frugtsommelig uten at synde, und mig den naade at synde uden at bli frugtsommelig'.»[56] Den katolske biskop Falize melde Arnfred Olesen til politiet for blasfemi. I følgje ein artikkel Arnfred Olesen sjølv skreiv i *Fritænkeren* vart han innkalla til avhøyr 20. desember 1912, men fekk melding 26. februar 1913 om at riksadvokaten hadde avgjort at saka skulle leggjast bort. Denne gongen var det *St. Olaf* og *Bergen Aftenblad* som hadde kommentert saka med notisar, men igjen var det Arnfred Olesen som i sitt eige blad gav saka størst oppslag.[57] Og medan han let «GLEM ikke at abonnere paa 'Fritænkeren'» etterfølgja sin kommentar om blasfemidommen i 1912, vart kommentaren av saksbortlegginga etterfølgd av «HAR du forsøkt at skaffe bare en eneste ny abonnent på 'Fritænkeren'?.»

Ein kan altså spekulera i, men ikkje vita, om Arnfred Olesen med sine artiklar i 1911 og 1912 både søkte eit martyrium for seg sjølv og fritenkjarsaka i Bergen, og mediamerksemd for bladet sitt. Ein veit kva han vart dømt for i den siste blasfemidommen i Noreg. Men ein kan ikkje vita kvifor han vart dømt i 1912 for ei utsegn som ikkje var sterkare enn dei han tidlegare hadde kome med. For dersom ein aksepterer premissa for dommen av 1912, slik dei vert presentert av *Aftenposten* og Arnfred Olesen sjølv, må ein spørja om ikkje til dømes det å skriva om truvedkjenninga til «Fritænkerenes katekismus» eigentleg var eit større brotsverk enn humbug -artikkelen? På bakgrunn av dette kan ein spekulera på om det var truvedkjenningshånet som heimla dom etter Straffelova § 142, men at det var åtaket på den heilage julekosen som

var den faktiske årsaka til at Arnfred Olesen vart dømt.

## Arnfred Olesen 1883-1958

Kven var så Arnfred Olesen, den siste som har vorte dømt for blasfemi i Noreg. I følgje klokkarboka for Fitjar vart han fødd der 10. februar 1883, vart i fyrste omgang heimedøypt av faren, og hadde Jens Arnfred Olsen som fullt namn. Foreldra var Anna Jensine Fosli og Oluf Leonhard Olsen.[58] Arnfred Olesen var eldst av tre brør, der Rasmus Marius Olsen var fødd i 1885,[59] og Ragnvald Oluf Arnljot Olsen i 1890.[60] Familien flytta frå Sunnhordland til Bergen i 1893,[61] og den mellomste av brørne dø der alt i 1917.[62] I følgje opplysningar gjeve av familien til Hallvard Skullerud i 1984, både byrja og slutta Arnfred Olesen på universitetet i 1907, og tok straks etter til som bokhaldar i avisa Arbeidet. Her arbeidde han til 1932, som vil seia både før og etter avisa vart kommunistisk i 1923, og deretter starta han sitt eige rekneskapsfirma. I følgje tiltalen i blasfemisaka i 1912 budde han i Konsul Børsgate 26,[63] medan han i følgje Bergen adressebok for 1924-25 på den tida var busett i Ytre Markveien 9.[64] Då han dø 11. mai 1958 var han busett i same vegen nr. 10,[65] i eit husvære han eigde saman med broren Ragnvald Foslie Olsen. Broren, som òg var bokhaldar, var einaste arving. Ingen av dei to brørne var medlemmar av statskyrkja – Arnfred Olesen står som redaktør for *Fritænkeren* fram som antireligiøs, medan Rangvald Olsen var medlem av Jehovas Vitne.

Hadde det ikkje vore for blasfemidommen avsagt i Bergen 29. juni 1912, utløyst av humbug-artikkelen i desembernummeret av *Fritænkeren* i 1911, ville bare ein særleg interessert slektsgranskar ha leita gjennom dei ulike databasane i Digitalarkivet for å framskaffa opplysningar om Arnfred Olesen. I denne artikkelen er det gjort truleg, men ikkje sikkert, at Arnfred Olesen ønskte å framprovosera ein slik dom for å skapa eit fritenkjarmartyrium for både seg sjølv og den bergenske fritenkjarrørsla, og for å skapa blest om bladet Fritænkeren, som han var redaktør for i dei fire åra det kom ut mellom 1911 og 1915. Han var òg sekretær for Fritænkerklubben i Bergen i ein periode, der han sjølv òg haldt innlegg på møta, sekretær for Norges Fritænkerforbund, og norsk utsending til fritenkjarkongressen i Lisboa i 1913. Hans engasjement i fritenkjarrørsla, som står fram som antireligiøst, bar preg av ei sosialistisk overtyding.

I dei mange referansane som finst til Arnfred Olesen, til *Fritænkeren* og til blasfemidommen av 1912, er kunnskap om alt dette normalt like mangelfullt som kunnskap om innhaldet i *Fritænkeren* generelt, og om humbugartikkelen spesielt. Tema for desse referansane er det martyrium for ytringsfridomen Arnfred Olesen i denne artikkelen er mistenkt for sjølv å ha søkt, utan at det i seg sjølv rettferdiggjer dommen frå dagens perspektiv. I hans eiga samtid fekk blas-

femidommen lita merksemd, og redaktøren fekk ingen sympati, slik at det var hans eigen artikkel om dommen i *Fritænkeren* som var det mest utfyllande som faktisk vart skrive om saka fram til lenge etter Arnfred Olesen sin død i 1958. Sjølv om det vart skrive både om han og Fritænkerklubben på 1980-talet, var det fyrst i kjølvatnet av striden rundt Muhammedkarikaturane at Arnfred Olesen igjen vart for alvor henta fram frå det historiske mørke. Det hadde han nok vore nøgd med, sidan han, som antireligiøs sosialist med eit klart ønskje om samfunnsendring, ser ut til å ha hatt som grunnleggjande idé at for at tanken skal verta fri må ein fyrst ha litt liv - RAI RAI.

## Sluttnoter

1 http://de.wikipedia.org/wiki/Die_Gedanken_sind_frei.

2 Fritænkeren finst i dag tilgjengeleg på Nasjonalbilioteket. Fleire nummer frå 1913 og 1914 er skanna og lagt ut på http://www.scribd.com/search?cx=007890693382555206581%3A7fgc6et2hmk&cof=FORID%3A10&ie=UTF-8&q=frit%C3%A6nkeren#881.
3 Sjå til dømes Stortingsdokument nr. 8:25 (2007-2007), http://www.bt.no/meninger/kronikk/Fritaenkere-i-hundre-aar-879187.html, http://www.morgenbladet.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20070420/OAKTUELT001/104200022, http://www.klassekampen.no/38459/article/item/null, og http://www.aftenposten.no/meninger/kommentatorer/stanghelle/article2903279.ece.
4 http://no.wikipedia.org/wiki/Ronnie_Johanson.
5 http://www.aftenposten.no/meninger/kommentatorer/stanghelle/article2903279.ece.
6 Sjå *Arbeidet* 29.06.1912, *Bergen Aftenblad* 01.07.1912, og *Aftenposten* 02.07. og 05.07.1912.
7 Sjå elles definisjonen til Arne Bugge Amundsen/Henning Laugerud, Norsk fritenkerhistorie 1500-1850, Oslo 2001: 13-14.
8 http://de.wikipedia.org/wiki/Freidenker, og http://en.wikipedia.org/wiki/Freethought.
9 *Fritænkeren* nr. 11 1911. Sjå elles til dømes Thomas de Witt Talmage, *Mod Fritænkeri og Vantro – Ni Foredrag*, Bergen 1891: 112-145.
10 Sjå elles *Fra fritænker til kristen – En fremstilling af det uholdbare i fritænkernes paastande*, Bergen 1906: 17-19.
11 http://www.snl.no/.nbl_biografi/Bj%C3%B8rnstjerne_Bj%C3%B8rnson/utdypning, og http://www.ub.uib.no/elpub/2001/h/522001/index-3.html.
12 Sigurd Sandmo, «*Bergens Ligbrændingsforening og den moderne kramasjonsbevegelsens suksess*», Gamle Bergen Årbok 2006: 64-79.
13 Kirkekommisjonen af 1908, IV: Innstilling angaaende den norske kirkes organisation, Kristiania 1911: 23.
14 Sjå Absalon Taranger, *Hvad kirkepartiet er og hvad det vil*, Kristiania 1912.
15 *Fritænkeren* nr. 4 1911.
16 Ronnie Johanson, «'Vi *anerkjender ingen autoritetstro*», Fri tanke nr. 2 2009: 36-37.
17 *Fritænkeren* nr. 1, jf. nr. 5, 1913.
18 *Fritænkeren* nr. ? 1913.
19 *Fritænkeren* nr. 2 1913.
20 *Fritænkeren* nr. 3 1913.
21 http://en.wikipedia.org/wiki/National_Secular_Society#History.
22 http://de.wikipedia.org/wiki/Freidenker#Deutsche_Freigeister.2C_Freireligi.C3.B6se.2C_Freidenker_und_Monisten.
23 *Fritænkeren* nr. 1-2 1911.
24 *Fritænkeren* nr. 7 1913.
25 *Fritænkeren* nr. 1 1913.
26 *Fritænkeren* nr. 1 1913.
27 *Fritænkeren* nr. 2 1912.
28 *Fritænkeren* nr. 5 1912.
29 *Fritænkeren* nr. 8 1912.
30 *Fritænkeren* nr. 12 1913.
31 *Fritænkeren* nr. 10-11 1914.
32 Hallvard Skullerud, «*Arnfred Olesen – 10/2-1883 – 11/5-1958*», Oss Hedninger imellom nr. 4 1984: 17.
33Sjå blasfemidommen av 1912 slik den er gjeven igjen i Bergen Aftenblad 04.07.1912.
34 http://en.wikipedia.org/wiki/The_Freethinker_(journal).

35 *Fritænkeren* nr. 4 1912.
36 *Fritænkeren* nr. 8 1912.
37 *Fritænkeren* nr. 10 1913.
38 *Fritænkeren* nr. 3 1913.
39 *Fritænkeren* nr. 1-2 1914.
40 Med «molocer”» meinest noko som krev nærast umenneskelege offer; http://en.wikipedia.org/wiki/Moloch.
41 *Fritænkeren* nr. 1-2 1911.
42 *Fritænkeren* nr. 4 1914.
43 *Fritænkeren* nr. 3 1913.
44 *Fritænkeren* nr. 3 1913.
45 *Fritænkeren* nr. 2 1913.
46 *Fritænkeren* nr. 1-2 1911.
47 *Fritænkeren* nr. 1 1913.
48 http://no.wikipedia.org/wiki/Bergensavisen#Historie.
49 Skullerud 1984.
50 Skullerud 1984.
51 *Fritænkeren* nr. 2 1913, *Fra fritænker til kristen* 1906: 7.
52 Fet går fram av artikkel 2 av «F*ritænkerens katekismus*» at Arnfred Olesen stilte seg bak at all religion var humbug; Fritænkeren nr. 11 1911.
53 Max Kraus, som trykkar av *Fritænkeren*, vart frifunnen mellom anna fordi han ikkje var kjent med innhaldet i bladet han trykte.
54 Eg har leita i Aftenposten frå 01.07.1912 til og med 08.07.1912 utan å finna denne kommentaren.
55 *Fritænkeren* nr. 8 1912.
56 *Fritænkeren* nr. 12 1912.
57 *Fritænkeren* nr. 3 1913.
58 http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?show=74&uid=47498&urnread_imagesize=full&hode=nei&ls=1, og http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?show=74&uid=253622&urnread_imagesize=full&hode=nei&ls=1.
59 http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?show=83&uid=47471&urnread_imagesize=full&hode=nei&ls=1.
60 http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?show=25&uid=47538&urnread_imagesize=full&hode=nei&ls=1. http://digitalarkivet.uib.no/cgi-.
61 Opplysning han gav i folketeljinga 1912, verken klokkar- eller ministerialbok for Fitjar har flytteopplysningar i denne perioden.
62 http://digitalarkivet.uib.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&sidenr=12&filnamn=bedo1912&gardpostnr=13372&merk=13372#ovre.
63 Skullerud 1984: 17-18.
64 http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesside&bokid=bgadr&sideid=329&innhaldid=5&storleik=.
65 http://digitalarkivet.uib.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=bedo1912.



*Alahuar Hotel Restaurant, tirsdag 24. november.*

*Yngve Nedrebø:*

# Tur til Alicante

En stor delegasjon fra Statsarkivet i Bergen tok lørdag 21. november 2009 et foreløpig farvel med surt regn og forvinter i Bergen, til fordel for noen dager på den spanske «solkysten». Overgangen var merkbar!

Solkysten (med mer enn 2500 soltimer i året) skuffet ikke. I Alicante ble vi møtt av 20 grader både i havet og på land, og solen skinte hver eneste dag. I slutten av november er det selvsagt heller ikke i Spania «sommer». Men det var fortsatt omfattende blomstring, og klimaet kunne uten problemer aksepteres som skikkelig norsk sommervær. Med hotell like i strandkanten ble det mange anledninger til å teste Middelhavets bølger.

Det var likevel ikke været som fikk oss til Spania. Oppe i fjellene (350 m.o.h.) like utenfor byen Alicante ligger Fontilles, der man finner Europas siste fungerende leprahospital. Det er fortsatt 45 leprapasienter ved Hospitalet, men anleggene var bygd for langt flere pasienter, og deler av området er nå tatt i bruk for i overkant av 80 pasienter med Alzheimer.



I januar 2009 markerte Hospitalet i Fontilles sitt 100-årsjubileum. Kirsten Milnes rapportert fra feiringen ved Hospitalet i Bergensposten 1/2009.

Pater José Luis Beneyto Gasset viste oss rundt. Etter 35 år som lærer for Jesuittene rundt om i verden, hadde han funnet seg oppgaver i Fontilles, der han nå var nestkommanderende. Han var en engasjert og morsom guide, og tok oss med rundt på anlegget, inn i kirken og til lokalene for pasientene.

Han pekte på at mye hadde forandret seg for leprapasientene de siste årene, og viste oss som eksempel på det bilene som noen av pasientene hadde. skaffet seg

Etter omvisningen drog vi videre opp i fjellene over Fontilles, og spiste lunsj på Alahuar Hotel Restaurant. Veien opp var så smal at vi byttet buss et lite stykke før toppen. Det ble en tre-retters lunsj som vi nok vil huske lenge. Vi har neppe noen gang fått like mye og like god mat for en så rimelig penge!

Vi hadde hatt planer om å besøke det gamle festningsanlegget på Guadalest, angivelig Spanias mest besøkte landsby, men mørket kom så tidlig at det dessverre ikke var mulig å få gjort i løpet av dagen.

Under besøket gjorde vi også unna institusjonens Julebord for 2009. Vi hadde bestilt bord på "Taberna del Gourmet", og etablissementet gjorde slett ikke skam på navnet. Det ble servert lokal mat, og i store mengder, slik at vi vel satt med et inntrykk av at servitørene syntes vi var småspiste! Men vi kan ikke forstå om noen gikk hjem uten å være blitt skikkelig mett.

Onsdag 25. drog storparten av statsarkivets delegasjon hjem igjen, mens noen bevilget seg et par feriedager, og først satte kursen tilbake til Bergen lørdag 28.




*Besøk ved byarkivet i Alicante*















**Postadresse:**
**Statsarkivet i Bergen**
**Årstadveien 22**
**5009 Bergen**
**Tlf: 55965800**

**epost: statsarkivet.bergen@arkivverket.no**
**digitalarkivet@arkivverket.no**
**Internett:**
**http://www.arkivverket.no/bergen/om.html**
**http://www.digitalarkivet.no/**

Tidligere utgitt i denne serien:



1998



1999



2000



2001



2002



2003



2004



2/2004



1/2005



2/2005



3/2005



1/2006



2/2006



3/2006



1/2007



2/2007



3/2007



1/2008



2/2008



3/2008



1/2009



2/2009

